



Statens vegvesen



## Bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Askøypakken frå 1. januar 2019

I tråd med føringane frå Prop. 87 S (2017-2018) og lokale vedtak vert det innført bompengeavgift i Askøypakken for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 som svarer til 50 pst. av ordinær bompengetakst etter rabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal inntil vidare ikkje betale bompenge. Nullutsleppskøyretøy er ei fellesnemning på elkjøretøy og hydrogenkjøretøy.

Takstane i Askøypakken er som følgjer:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Bompengetakst	28,00	46,00

Bompengetakster for Askøypakken i 2018-kr.

Endringa medfører at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 frå 1. januar 2019 betalar kr 11,20 per passering, ettersom ordinær takst etter 20 pst. brikke-rabatt er kr 22,40.

Nullutsleppskøyretøy utan gyldig avtale og brikke betalar ordinær bompengetakst.

Timeregel og månadstak på 30 passeringar vil òg gjelde for nullutsleppskøyretøy med gyldig avtale og elektronisk brikke

**Takstendringa kan klagast inn til Samferdsledepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Statens vegvesen Vegdirektoratet, Postboks 8142 Dep., 0033 Oslo.**